

Utval: Opplærings- og helseutvalet
Møtestad: Sunnhordland, 4.etg., Fylkeshuset
Dato: 11.02.2014
Tidspunkt: 11:00 - 12.30.

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Toralv Mikkelsen	Medlem	A
Jane Kirsti Stangeland	Medlem	A
Jette Lunemann Hansen	Medlem	A
Roald Stenseide	Leiar	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Dan Stian Femoen	Nestleiar	H
Gunn Mari Moberg	Medlem	H
Aslaug Hellesøy	Medlem	KRF
Alexander Fosse Andersen	Medlem	FL SP/MDG
Bjørnar Hamre	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ingrid Reitan	Medlem	H
Børge Lunde	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ole Irgens	Ingrid Reitan	H
Anette N. Dybvik	Børge Lunde	H

Merknader**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Birthe Haugen	Seksjonsleiar fellestenester
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skule
Torbjørn Mjelstad	Seksjonsleiar fagopplæring
Odd Bjarne Berdal	Spesialrådgjevar opplæring
Matti Torgersen	Regionalavdelinga
Arne Åsan	Fylkestannlege
Øydis R. Ziem	Utvalssekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/14	Godkjenning møteinnkalling		
PS 2/14	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 3/14	Referatsaker		
RS 1/14	Svar på spørsmål om Samfunnskontrakten og intensjonsavtaler	2014/1534	
RS 2/14	Skulebygg som pedagogisk arkitektur - løypemelding	2014/10419	
RS 3/14	Juridisk ansvar vedk. nettmobbing utanom skolen	2014/1534	
RS 4/14	Rapport på bruk av stimuleringsmidler 2013	2014/10039	
RS 5/14	Svar frå Fylkesrådmannen på spørsmål i OPHE 03.12.13	2014/24	
RS 6/14	Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring - Vedtak i TING 10.12.13 - Oppfølging	2014/862	
RS 7/14	Norske skoler får en IT-løsning som ruster skolesektoren for fremtiden.pdf	2014/196	
RS 8/14	Skulehelsetenesta og fråfall.	2014/10058	
RS 9/14	Finansiering landslinje smed vg2 Odda vgs	2014/10237	
RS 10/14	Svar på spørsmål vedk. Tilstandsrapport 2012/13	2014/1534	
RS 11/14	Undervisningsevalueringa og PULS	2014/11083	
RS 12/14	Oppfølging av skulebruksplan (SBP) - løypemelding	2014/10030	
RS 13/14	Notat om styrking av rammetilskott	2014/358	
RS 14/14	Tilbudsstruktur for Fagskolane i Hordaland 2014/15	2014/2	
PS 4/14	Skulebruksplanen 2012-2025 – Forsert oppstart av utbygging ved Rubbestadnes vidaregåande skule i Bømlo kommune	2014/10030	
PS 5/14	NYE VOSS GYMNAS - ROMPROGRAM	2014/1061	
PS 6/14	Høyring – Forslag om endringar i privatskulelova – Innføring av midlertidig dispensasjonsbestemmelse	2014/10160	
PS 7/14	Fleire gode leveår for alle - Regional plan for folkehelse - Vedtak av plan	2014/681	
PS 8/14	Ymse		

PS 1/14 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

PS 2/14 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014

Vedtak

Møteprotokoll frå møtet 03.12.13. vart samrøystes godkjend.

PS 3/14 Referatsaker

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014

Vedtak

RS 9/14: **Toralv Mikkelsen** sette fram følgjande forslag:

«1. HFK tar kontakt med Utdanningsdirektoratet for å få godkjenning for at VK-1 TIP blir eit godkjend kryssløp mot VK-2 Smed (som supplement til VK-1 Design og Handverk).

2. Primært ønskjer vi dette iverksett frå skuleåret 2014/15.»

Forslaget vart samrøystes oversend administrasjonen.

Øvrige referatsaker: Tekne til orientering.

- RS 1/14 Svar på spørsmål om Samfunnskontrakten og intensjonsavtaler**
- RS 2/14 Skulebygg som pedagogisk arkitektur - løypemelding**
- RS 3/14 Juridisk ansvar vedk. nettmobbing utanom skolen**
- RS 4/14 Rapport på bruk av stimuleringsmidler 2013**
- RS 5/14 Svar frå Fylkesrådmannen på spørsmål i OPHE 03.12.13**
- RS 6/14 Forvaltningsrevisjon innan fagopplæring - Vedtak i TING 10.12.13 - Oppfølging**
- RS 7/14 Norske skoler får en IT-løsning som ruster skolesektoren for fremtiden.pdf**
- RS 8/14 Skulehelsetenesta og fråfall.**
- RS 9/14 Finansiering landslinje smed vg2 Odda vgs**
- RS 10/14 Svar på spørsmål vedk. Tilstandsrapport 2012/13**
- RS 11/14 Undervisningsevalueringa og PULS**
- RS 12/14 Oppfølging av skulebruksplan (SBP) - løypemelding**
- RS 13/14 Notat om styrking av rammetilskott**
- RS 14/14 Tilbudsstruktur for Fagskolane i Hordaland 2014/15**
- PS 4/14 Skulebruksplanen 2012-2025 – Forsert oppstart av utbygging ved Rubbestadnes vidaregåande skule i Bømlo kommune**

Forslag til innstilling

1. Under føresetnad av at det vert semje om sal av Bømlo vidaregåande skule til Bømlo kommune vert utbygginga på Rubbestadneset prioritert fram i tid. Arbeidet med planlegging tek til hausten 2014. Målet er at ein ny skule skal stå klar hausten 2018.
2. Investeringsplanen for 2014-2017 vert styrka for å få rom for utbygginga på Rubbestadneset. Førebels tal syner at det er trong for om lag 220 mill kr til utbetring og nybygg på Rubbestadneset. Ved sal av Bømlo vidaregåande skule kjem salssummen til frådrag i investeringskostnaden.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Under føresetnad av at det vert semje om sal av Bømlo vidaregåande skule til Bømlo kommune vert utbygginga på Rubbestadneset prioritert fram i tid. Arbeidet med planlegging tek til hausten 2014. Målet er at ein ny skule skal stå klar hausten 2018.
2. Investeringsplanen for 2014-2017 vert styrka for å få rom for utbygginga på Rubbestadneset. Førebels tal syner at det er trong for om lag 220 mill kr til utbetring og nybygg på Rubbestadneset. Ved sal av Bømlo vidaregåande skule kjem salssummen til frådrag i investeringskostnaden.

PS 5/14 NYE VOSS GYMNAS - ROMPROGRAM

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet, dagsett 09.01.14, vert lagt til grunn for vidare planlegging av Nye Voss gymnas på Skulehaugen

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014

Bjørnar Hamre sette fram følgjande oversendingsforslag:

«I BA-sak frå 10.02.14 om Søreide skole blir det oppgitt at normen for skolehelsetenesta sine kontor er 30 kvm. Ifølge plantegningene på Nye Voss Gymnas har helsesøstertenesta kontor på 12 kvm. Ber om at fylkesutvalet blir informert om Nye Voss Gymnas er innanfor normen».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Hamre sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversend administrasjonen.

Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at det framlagte romprogrammet, dagsett 09.01.14, vert lagt til grunn for vidare planlegging av Nye Voss gymnas på Skulehaugen

PS 6/14 Høyring – Forslag om endringar i privatskulelova – Innføring av midlertidig dispensasjonsbestemmelse

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet har ingen merknader til forslaget om å innføre ein midlertidig dispensasjonsregel i privatskulelova.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014.

Rasmus S. Rasmussen sette fram følgjande forslag på vegner av AP/SP/KRF:

- «1. Fylkesutvalget mener dagens privatskulelov ivaretar samfunnets behov for bredde i opplæringstilbudet.
2. Fylkesutvalget støtter ikke forslaget om å innføre en midlertidig dispensasjonsregel i privatskuleloven».

Dan Femoen sette fram følgjande forslag på vegner av H/FRP/V:

- «Fylkesutvalget er positive til forslaget om å innføre en midlertidig dispensasjonsregel i privatskulelova».

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Rasmussen sitt forslag fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.

Femoen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster (H/FRP)V).

Innstilling

1. Fylkesutvalet er positive til forslaget om å innføre ein midlertidig dispensasjonsregel i privatskulelova.

PS 7/14 Fleire gode leveår for alle - Regional plan for folkehelse - Vedtak av plan

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014

Anita G. Johannessen (Frp) sette fram slikt forslag til nytt pkt.2 på vegne av H, V og Frp:

«2. For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pk.t 1 vart samrøystes vedteke.

Johannessen sitt forslag til nytt pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.
2. For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.

PS 8/14 Ymse

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014

Godkjenning av saklista: Saklista vart godkjend med følgjande merknader:

- Rasmus R.Rasmussen etterlyste innstilling frå Y-nemnda vedk. tilstandsrapporten. Utvalsleiar svara på spørsmålet.
- Aslaug Hellesøy stilte spørsmål om møtestart: Utvalsleiar svara på spørsmålet.

Dokument delt ut i møtet:

Brev frå Kunnskapsdepartementet datert 20.12.13: «Svar på søknad om landslinje i smedfaget i Odda.»

OPEN POST

Rasmus S. Rasmussen sette fram følgjande spørsmål:

«Ber om å få en oversikt fra siste 3 år over antall elever som står i alle fag, men som likevel ikke får læreplass».

Spørsmålet vart oversend administrasjonen.

Dan Femoen sette fram følgjande fire spørsmål/forslag:

1. «Ber om en sak vedr. gjesteelevgarantien i Hordaland. Hvilke kriterier legges til grunn? Hvordan kvalitetssikres dette slik at innbyggerne i fylket får like rettigheter?»

Spørsmålet vart oversend administrasjonen.

2. «Vi har fått NOVA-rapport «Levekår og sosial inkludering hos mennesker med fysiske funksjonsnedsettelse», som hevder at 64% av barn med fysiske funksjonsnedsettelse ikke fullfører videregående skole. Hvordan er frafallsituasjonen for funksjonshemmede i Hordaland, og er det satt inn ekstra tiltak for å forhindre frafall blant funksjonshemmede?»

Spørsmålet vart oversend administrasjonen.

3. «Ad. disponering av idrettshallen ved Amalie Skram vgs.: OPHE mener det er skolens egen virksomhet som må gis forrang for leie av idrettshallen. Idrettsanleggene og lokalene kan etter avtale med rektor leies ut til eksterne brukere.»

Forslaget vart oversend administrasjonen.

4. «Har vi samarbeidsregioner for videregående skole ? Hvordan fungerer samarbeidet mellom grunnskolen og den videregående skolen ? Er det satt i gang tiltak for å bedre dette samarbeidet?»

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet.

Aslaug Hellesøy sette fram følgjande spørsmål:

«Kva har hendt med programfaget BA; Bygg og anlegg, v/Åsane vgs?»

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet.

Godkjenning av saklista:

Saklista vart godkjend med følgjande merknader:

- Rasmus R.Rasmussen etterlyste innstilling frå Y-nemnda vedk. tilstandsrapporten. Utvalsleiar svara på spørsmålet.
- Aslaug Hellesøy stilte spørsmål om møtestart: Utvalsleiar svara på spørsmålet.